

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Gloppen kontrollutval

Møteinnkalling

Møtedato: 20.08.2014
Møtestad: Gloppen heradshus, formannskapssalen
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet,

[Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no](mailto:arva@sekom.no)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
015/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/14	Skriv og meldingar
017/14	Gjennomgang av overordna analyse for Gloppen kommune 2011-2015
018/14	Forvaltningsrevisjon - Val og tinging av nytt prosjekt
019/14	Orientering om rutinar for avslutning av investeringsprosjekt, og framdrift i arbeidet med økonomireglementet
020/14	Vurdere bruk og innkjøp av nettbrett til kontrollutvalet
021/14	Oppfølgingsliste 3-2014
022/14	Eventuelt

Med helsing

Bjarne Bø
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 20.08.2014	Saksnr 015/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/173
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 20.08.2014	Saksnr 016/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/83
---	-------------------------	------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.07.2014	Kommunestyresak 030/14 Rekneskap 2013, handsama 16.6.2014	84
10.07.2014	Kommunestyresak 031/14 Rapport finansområdet 1. tertial 2014, handsama 16.6.2014	124

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

...



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.06.2014	030/14

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: John Morten Selsvik	Objekt: Arkiv: 212	Arkivsaknr.: 13/1764-14
---	-----------------------	----------------------------

Rekneskapen for 2013 og disponering av overskotet

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
220795	Årsrekneskap 2013
224869	Møtebok sak 12/14 - Årsrekneskap 2013 Gloppen kommune, vedlagt uttale frå kontrollutvalet datert 5.6.2014

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2013 er no klar til endeleg politisk behandling. Det er lovfesta at rekneskapen skal behandlast av kommunestyret innan utgongen av juni kvart år, etter at det er revidert og behandla av kommunen sitt kontrollutval.

Saksutgreiing:

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2013 er gjort opp med eit overskot på kr 360 617,49.

Mindre på sektorane

Dei siste 5 åra har det vore overforbruk på sektorane si drift. Slik er det ikkje i 2013, då trenden er snudd og sektorane opererer innanfor dei tildelte budsjettmidlar. Detaljar rundt dette er omtala i rekneskapsdokumentet.

For første gang på 5 år ser vi at der er mindre inntekter på finansansvaret enn budsjettert. Dette skriv seg dessverre hovudsakleg frå nedgang i folketalet som igjen påverkar rammetilskotet negativt. I tillegg ligg avsetninga til rentefond Gloppen Engeri AS, som ikkje var budsjettert. Rutine for rentefondet er omtalt i rekneskapsdokumentet. Sektorvis resultat framgår av tabellen under.

	Regnskap 2013	Buds(end) 2013
Sentral styring	24 856 458	24 656 000
Barnehagar og undervisning	109 298 145	111 522 000
Helseteneste og sosiale formål	139 656 401	144 163 000
Næringsformål	26 242 953	27 601 000
Kulturformål	18 625 979	18 710 000
Finansiering	-318 319 318	-326 652 000

Mindreforbruk -360 617

Avvika i tabellen er forklart i rekneskapsdokumentet.

Kvifor må kommunane ha eit positivt netto driftsresultat?

Kostnader som slitasje og elde på bygningar, inventar, maskinar osv. trekkast ikkje frå når netto driftsresultat reknast ut. Dette gjer at netto driftsresultat blir ”for høgt”. Kommunane må derfor ha netto driftsresultat større enn null for å ha bærekraftig økonomi. Om vi ser bort frå ekstraordinære kortsiktige svingningar i inntekter og utgifter, så må kommunesektoren ha eit netto driftsresultat på om lag 3 – 3 ½ prosent av inntektene for å være i balanse. Enkelte meiner og at 5 prosent er det rette nivået. Budsjettert overskot på kr 479.000 er avsett i rekneskapen. Utover dette er mindreforbruket som kjem i tillegg til avsett overskot.

Overføringane til kommunane varierer frå år til år. Dersom inntektsveksten ikkje er tilstrekkeleg for å halde drifta på same nivå som året før, er det ofte trong for å kjøpe seg tid for å planlegge omstillingar som gjev varig innsparingseffekt. For å tillate seg dette må kommunane ha eit visst økonomisk handlerom.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Overskotet er med på å auke kommunen sitt økonomiske handlerom. Det er viktig med tanke på at kommunen gjennom:

- avsetningar til investeringsfond gjer det muleg å finansiere ein del investeringar utan lånefinansiering
- avsetningar til driftsfond gjer det muleg å møte utilsikta svingningar i driftsøkonomi og gir handlefridom til å tilpasse drift til økonomi når slike svingningar inntreff.

Rådmannen si vurdering:

Endeleg kan rådmannen seie at driftsnivået i sektorane er tilpassa vedtekne budsjettmidlar. Rådmannen meiner resultatet dokumenterer at vi har gjort mykje rett i høve å tilpasse aktiviteten til vår økonomiske bæreevne. Det pågåande moderniseringa må halde fram og vi må gjennomføre tiltaka slik at drifta av kommunen framleis kan gjennomførast innanfor budsjetttrammene.

Dei 5 siste åra før 2013 har kommunen vore berga, av for oss, heldige omstendigheiter i finansmarknaden. Der verden elles er og har vore i finanskrisa dei siste åra, har Gloppen kommune stort sett merka dette med eit lågare rentenivå. Dette har ein stor og heldig konsekvens for oss i og med at vi har stor gjeld. Dersom rentenivået skulle stige så ville dette få ein tilsvarande uheldig effekt på rentekostnadene.

Revisjonen har i revisjonsmeldinga for årsrekneskapen 2012 under andre forhold merka at «Krav om renter på utlån til Gloppen Energi AS, kr. 2 983 614,- er avsett til fond utan å vere budsjettert.». Gloppen kommune har gjennomført tilsvarande transaksjon i 2013. Dette er gjort i tråd med prinsippvedtaket i 2009, der kommunestyret vedtok føringar for rentefond – Gloppen Energi AS. I 2014 er denne avsetninga budsjettert.

Hittil har Gloppen Energi AS betalt deler av rentekostnadane på lånet i Gloppen kommune med utbytte dei har motteke frå SFE. Det vil verte vanskeleg for selskapet å halde fram med betaling av renter på lånet frå Gloppen kommune, i og med at lånet Gloppen Energi AS har i Sparebanken Sogn og Fjordane framover må betalast med renter og avdrag. Hittil har lånet i Sparebanken vore avdragsfritt og rentekostnadane har vorte lagt til lånet slik at det har auka med årleg lånerente, sidan oppstart av selskapet. Rentekostnadane som ikkje er betalt til kommunen er balanseført i kommunerekneskapen som ikkje betalte krav.

I tråd med tidlegare vedtak i denne saka har kommunen sett av eit tilsvarande beløp på fond, for å møte eventuelle utfordringar Gloppen Energi AS kan få med å betale kravet. Soleis kan

det kortsiktige rentekravet konverteres til langsiktig lån ved å bruke fondet. Ein vil då unngå å få driftsbelastning i kommunerekneskapen ved eventuell konvertering.

Rentenivået er basert på same rente som Gloppen energi AS betaler på dei 60 mill som selskapet har lånt i Sparebanken Sogn og Fjordane.

Pr. 31.12.2013 syner kommunerekneskapen at kr. 11 956 052,50 av rentekravet frå Gloppen kommune ikkje er betalt og tilsvarande står då kr. 11 956 052,50 på fond.


Framtidig handtering av Gloppen kommune sine eigarinteresser i Gloppen Energi vert handtert som følgjer:

- Rentekrav inntektsførast årleg med rente tilsvarande lånevilkåra Gloppen Energi AS har på lånet sitt i Sparebanken Sogn og Fjordane
- Kortsiktig rentekrav (som er inntektsført i kommunerekneskapen) vert redusert i takt med innbetalingane.
- Gloppen kommune set av til fond eit beløp som tilsvarar rentekravet som ikkje er betalt, for å møte eventuelle utfordringar selskapet får med betalinga. Avsetjinga skal budsjetterast.
- Kommunestyret har mynde til å fastsetje rentenivået. Ved behov for å avvike frå rentefastsettjinga jfr. punktet over, vil sak verte framlagt for kommunestyret. Dette kan verte aktuelt dersom lågare rente må fastsetjast for å sikre selskapet sitt eksistensgrunnlag eller høgare rente bør fastsetjast dersom selskapet kan handtere større rentebelastning.

Disponering av overskotet

Det er opp til kommunestyret å avgjere korleis det årlege overskotet skal disponerast. Når det er sagt er det riktig å understreke at det er viktig å halde fram med å fylle på disposisjonsfondet for å kunne takle framtidige utfordringar. I den forbindelse har rådmannen sett på bruken av disposisjonsfond dei siste tre åra.

Kommunestyret har brukt av disposisjonsfondet sektorvis slik dei tre siste åra: I løpet av desse åra har det vore nytta disposisjonsfond til diverse tiltak i drifta. Desse er slik fordelt:



Kontrollutvalet skal behandle rekneskapen i møte den 5. juni 2014. Deira vedtak er klar til kommunestyret si behandling av rekneskapen.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Kommunestyret godkjenner Gloppen kommune sin rekneskap for år 2013
2. Overskotet for 2013, kr 360 617,49 setjast av til disposisjonsfond
3. Rådmannen får fullmakt til å gjere budsjettendringar i 2014 i tråd med punkt 2.

03.06.2014 FORMANNSKAPET

066/14 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

Nye opplysningar i saka:

Kontrollutvalet behandla kommunerekneskapen for 2013 på sitt møte den 5. juni i år. Utvalet sitt vedtak og uttale til rekneskapen ligg ved.

På grunn av flyttinga av formannskapet sitt møte frå 5. til 3. juni, var kontrollutvalet si behandling av saka ikkje klar til møtet i formannskapet. Etter § 7 i forskriftene om kontrollutval skal

«Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidsnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.»

Dette greidde vi dessverre ikkje denne gongen.

Det er formannskapet som innstiller til kommunestyret i rekneskapssaka. Uttalen frå kontrollutvalet gjev etter rådmannen sitt syn ikkje grunnlag for ny behandling i formannskapet eller endringar i formannskapet si innstilling.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Kommunestyret godkjenner Gloppen kommune sin rekneskap for år 2013
2. Overskotet for 2013, kr 360 617,49 setjast av til disposisjonsfond
3. Rådmannen får fullmakt til å gjere budsjettendringar i 2014 i tråd med punkt 2.

16.06.2014 KOMMUNESTYRET

030/14 VEDTAK:

1. Kommunestyret godkjenner Gloppen kommune sin rekneskap for år 2013
2. Overskotet for 2013, kr 360 617,49 setjast av til disposisjonsfond
3. Rådmannen får fullmakt til å gjere budsjettendringar i 2014 i tråd med punkt 2.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	03.06.2014	067/14
Kommunestyret	16.06.2014	031/14

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: John Morten Selsvik	Arkiv: 212	14/620-2

Rapport finansområdet 1. tertial 2014

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Orientering om status for den økonomiske drifta i Gloppen kommune dei 4 fyrste månadane i 2014.

Saksutgreiing:

Denne saka har fokus på makroøkonomien i Gloppen kommune. Tyngda av utgiftene er lønn, difor er det essensielt at desse utgiftene er under kontroll. Ei overskriding på berre 1% vil utgjere nær 3 mill kr. på årsbasis.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen. Saka er ei kortfatta analyse av drifta frå og med januar til og med april 2014 og har ikkje økonomiske konsekvensar i seg sjølv.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vel å kommentere fylgjande utvalde områder.

- Låneporteføljen
- Skatteinntangen
- Statlege overføringar/rammetilskot
- Lønnsstatistikken
- Status disposisjonsfond.

Låneporteføljen

Totaloversikt alle låna til Gloppen kommune utan startlån					
	31.12.2013		30.04.2014		31.08.2014
	Mill kroner	%	Mill kroner	%	
Lån med NIBOR/Pt rente	168	53 %	166	53 %	
Lån med fast rente	151	47 %	149	47 %	
Samla langsiktig gjeld	319	100 %	316	100 %	
Effektiv rentekostnad sidan 31.12.2013 (kr tusen / %)			3044	2,86%	
Tal løpande lån	14		15		
Største enkeltlån	108		107		

Tabellen syner alle låna til Gloppen kommune pr. 31. desember 2013 og 30.april 2014. Samla lånegjeld er no 316 millionar. Husbanklåna / formidlingslåna er ikkje teke med. Utviklinga av gjeldsporteføljen er i rute med budsjettet for 2014.

Lån til investeringar i 2014 og tilleggsøyvingane frå 2013 er ikkje teke opp pr. 30. april 2014, og er dermed ikkje med i tabellen. Låneopptaket for 2014 er vedtatt i økonomiplanen til kr 45 390 000,-. Tilleggsøyvinga (låneopptak) frå 2013 er 3 400 000,-

Andelen fastrente skal, i henhold til finansreglementet, liggje på 50% av låneporteføljen. Vi ligg i dag på 47%. Låneopptaket i 2014 vil verte teke opp med fastrente. Då vil ein komme litt over 50%, men vi har enkeltlån med fastrenteavtale som går ut og vil dempe effekten.

Skatteinngangen

2014 Månad	Budsjett 2013 Akkumulert	Budsjett per månad	Budsjettert betalings - inngang i % akkumulert	Faktisk inngang	Faktisk inngang akkumulert	Budsjettoppnå else i %	Avvik i høve til budsjett akkumulert	Betalingsinn gang i % for Gloppen
januar	14 796 000	14 796 000	12	15 359 981	15 359 981	12,46 %	563 981	12
februar	16 029 000	1 233 000	13	1 050 134	16 410 115	13,31 %	381 115	1
mars	36 990 000	20 961 000	30	20 619 007	37 029 122	30,03 %	39 122	17
april	38 223 000	1 233 000	31	1 645 871	38 674 993	31,37 %	451 993	1
mai	61 033 500	22 810 500	50		38 674 993	31,37 %	-22 358 507	18,5
juni	61 650 000	616 500	50		38 674 993	31,37 %	-22 975 007	0,5
juli	75 213 000	13 563 000	61		38 674 993	31,37 %	-36 538 007	11
august	76 446 000	1 233 000	62		38 674 993	31,37 %	-37 771 007	1
september	98 640 000	22 194 000	80		38 674 993	31,37 %	-59 965 007	18
oktober	99 873 000	1 233 000	81		38 674 993	31,37 %	-61 198 007	1
november	122 067 000	22 194 000	99		38 674 993	31,37 %	-83 392 007	18
desember	123 300 000	1 233 000	100		38 674 993	31,37 %	-84 625 007	1

Tabellen viser skatteinngangen for dei 4 fyrste månadane i 2014. Skatteinngangen har vore om lag på prognosen/positiv fram til og med april. Skatteinngangen for april månad vart vel kr. 400 000,- høgre enn budsjettert. Til og med april ligg vi inne med ei meirinntekt ift. budsjett på vel kr. 450 000,-.

Statlege overføringar/rammetilskot

Statlege overføringar herunder rammetilskot, vertskommunetilskot, og andre statstilskot er komen inn som budsjettert til og med april 2014.

Lønnsstatistikken

2014 Månad	Budsjett 2014 Akkumulert	Budsjett per månad	Budsjett betalings- inngang i % akkumulert		Faktisk utgift akkumulert	Sjukeløn refusjon akumulert	Sjukeløn refusjon pr. mnd	Budsjett oppnåelse i % korrigert for refusjon	Avvik i høve til budsjett akkumulert
januar	26 799 553	26 799 553	8,98 %	27 242 158	27 242 158	-2 027 917	-2 027 917	8,45 %	-1 585 312
februar	54 792 850	27 993 297	18,36 %	28 081 228	55 323 386	-2 898 745	-870 828	17,57 %	-2 368 209
mars	81 592 402	26 799 553	27,34 %	26 207 265	81 530 651	-3 697 558	-798 813	26,08 %	-3 759 309
april	108 391 955	26 799 553	36,32 %	26 503 835	108 034 486	-4 709 078	-1 011 520	34,62 %	-5 066 547
mai	135 191 508	26 799 553	45,30 %		108 034 486	-4 709 078		34,62 %	-31 866 100
juni	137 399 934	2 208 426	46,04 %		108 034 486	-4 709 078		34,62 %	-34 074 526
juli	164 199 487	26 799 553	55,02 %		108 034 486	-4 709 078		34,62 %	-60 874 079
august	190 999 040	26 799 553	64 %		108 034 486	-4 709 078		34,62 %	-87 673 632
september	217 798 593	26 799 553	72,98 %		108 034 486	-4 709 078		34,62 %	-114 473 185
oktober	244 598 146	26 799 553	81,96 %		108 034 486	-4 709 078		34,62 %	-141 272 738
november	271 397 698	26 799 553	90,94 %		108 034 486	-4 709 078		34,62 %	-168 072 290
desember	298 436 000	27 038 302	100 %		108 034 486	-4 709 078		34,62 %	-195 110 592

Lønnsstatistikken til og med april er oppdatert inkludert sjukelønnsrefusjon for februar. Statistikken viser eit mindreforbruk tom april på 5,066 mill., etter fråtrekk frå sjukelønnsrefusjon tom april. Normalt er sjukelønnsrefusjon på om lag 1mill kvar måned. For januar er sjukelønnsrefusjonen over 2 mill. Dette har med periodisering ved årsskifte å gjere, slik at vi har fått meir i januar 2014 enn vanleg. Om lag 1,5 mill av sjukelønnsrefusjonen har sitt grunnlag i 2013.

Sjølv om vi ser vekk frå periodisering av sjukelønnsrefusjon i januar, har vi ei solid innsparing på lønn. Dette kjem delvis av at vi ikkje har teke nok høgde for reguleringspremien frå KLP, som i år er beregna til om lag 18 mill. Pensjonstrekket er skrudd opp i forhold til forventa høgare premie, men ikkje nok når vi ser kva reguleringspremien truleg vil ligge på. Frå og med mai måned er pensjonstrekket justert ytterlegare, slik at vi skal kome i land på lønnsbudsjettet ved utgangen av året.

Dette er det store biletet som syner samla lønnsutgifter for kommunen. Avvik i den enkelte sektor framgår av tabellen under.

Sektorvis avviksstatistikk.

Avviksoversyn Lønn - Gloppen kommune	Avvik	Avvik	Avvik	Avvik
	Jan	Feb	Mar	Apr
Formannskapet	60	53	-177	-308
Oppvekstutvalet	-562	-827	-647	-376
Helse- og omsorgsutvalet	-709	-2 087	-3 208	-4 490
Teknisk, landbruksutvalet	-215	764	582	442
Kulturutvalet	-160	-271	-310	-334
Avvik	-1 586	-2 368	-3 760	-5 066

- Formannskapet har eit mindreforbruk på 308 tusen.
- Oppvekstutvalet har eit mindreforbruk på 376 tusen.
- Helse og omsorg har eit mindreforbruk på 4 490 tusen.
- Teknisk og landbruksutvalet har eit meirforbruk på 442 tusen der brorparten skriv seg frå utbetaling av brannvernlønn som vert gjort i februar og gjeld heile året.
- Kulturutvalet har eit mindreforbruk på 334 tusen.

Status disposisjonsfond

	IB	Bevegelse	UB
Art: 25601991 Disposisjonsfond	-19 105 831		
900239 2 09.04.14 4 Jfr kommunestyrevedtak bud14		3 832 000	
900240 2 09.04.14 4 Vassområde jrf budsjettvedtak		78 000	
900240 4 09.04.14 4 Idrett jrf budsjettvedtak		30 000	
900240 6 09.04.14 4 Relig førem jrf budsjettvedtak		95 000	
900241 2 09.04.14 4 jfr K-sak 13/14, fjellsikring		350 000	
900241 3 09.04.14 4 Selvågane, prosjekt 33370		1 331 000	
900242 2 09.04.14 4 Finans aksjarBreimbs skisenter		350 000	
900244 2 09.04.14 4 K-sak 16/14 planprogram		300 000	
900245 2 09.04.14 4 K-sak 14/14 sentrumsanalyse		1 000 000	
900246 2 09.04.14 4 riving slaktehus ksak 19/14		500 000	
T O T A L T		7 866 000	-11 239 831

Per 1. tertial 2014 er disposisjonsfondet redusert med 7,866mill. Sum ståande på disposisjonsfond etter utgangen av 1. tertial 2014 er kr. 11 239 831,-

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Kommunestyret tek rapporten til orientering, men legg samstundes til grunn at rådmannen har merksemd på utviklinga av drifts- og lønnsutgiftene for resten av 2014
2. Rådmannen informerer formannskapet regelmessig om utviklinga framover.

03.06.2014 FORMANNSKAPET

Formannskapet ønskjer samanliknbare tal frå førre rekneskapsår i rapporten viss dette er råd å legge inn.

067/14 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

16.06.2014 KOMMUNESTYRET

UKOM-031/14 VEDTAK:

1. Kommunestyret tek rapporten til orientering, men legg samstundes til grunn at rådmannen har merksemd på utviklinga av drifts- og lønnsutgiftene for resten av 2014
2. Rådmannen informerer formannskapet regelmessig om utviklinga framover.

Vedtaket var samrøystes.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 20.08.2014	Saksnr 017/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/91
---	-------------------------	------------------------------

Gjennomgang av overordna analyse for Gloppen kommune 2011-2015

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.07.2014	Gloppen - Overordna analyse - 2011-2015	107
08.07.2014	Gloppen - Nøkkeltalshefte til overordna analyse 2011-2015	108

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Gjennomgang av overordna analyse for Gloppen kommune 2011-2015 vert teke til orientering.

...

Saksutgreiing:

Det vart i sak 14/14 Eventuelt, handsama i kontrollutvalet 5.6.2014, gjort følgjande vedtak: *Kontrollutvalet vil ta opp eiga sak om overordna analyse i neste møte 20. august.*

I kontrollutvalsmøte 3.5.2012 i sak 013/12 Overordna analyse – Gloppen kommune, vart overordna analyse presentert av Kommunerevisjonen i Nordfjord, og det vart vedteke å utsette saka til neste møte i juni 2012.

Det kan sjå ut til at overordna analyse ikkje har blitt behandla att i kontrollutvalet, den stod på oppfølgingslista ut 2012, men er ikkje med i 2013. Overordna analyse ligg i alle høve som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon for Gloppen kommune, som vart vedteken i kommunestyret 1.10.2012, sak 080/12.

Kontrollutvalet ynskjer ein ny gjennomgang av overordna analyse, og kva denne kan nyttast til, rådmann og revisor vert kalla inn i saka.



**OVERORDNA ANALYSE
FOR
GLOPPEN KOMMUNE**

Utarbeidd av Kommunerevisjonen i Nordfjord, 2012

INNHALD

1. Innleiing	4
1.1 Grunnlaget for den overordna analysen	4
1.2 Risiko og vesentlegheitsanalyse. Omgrepa.	5
2. Framgangsmåte og metode	6
3. Kommunal forvaltning – mål, virkemiddel og rammevilkår	6
4. Gloppen – nokre fakta om kommunen	10
5. Demografi	11
6. Finansielle nøkkeltal	12
7. Produksjonsindeks	12
8. Vurdering av tenesteområda	14
8.0 Resultat av spørjeundersøkinga - prioritering mellom tenesteområda	14
8.1 Oppvekst	14
8.1.1 Einingar, regelverk, økonomi	14
8.1.2 Spørjeundersøking	15
8.1.3 KOSTRA	15
8.1.4 Vurdering	15
8.2 Helse, omsorg og sosial	16
8.2.1 Einingar, regelverk, økonomi	16
8.2.2 Spørjeundersøking	16
8.2.3 KOSTRA	16
8.2.4 Vurdering	17
8.3 Teknisk og landbruk	17
8.3.1 Einingar, regelverk, økonomi	17
8.3.2 Spørjeundersøking	18
8.3.3 KOSTRA	18
8.3.4 Vurdering	19
8.4 Kultur	19
8.4.1 Einingar, regelverk, økonomi	19
8.4.2 Spørjeundersøking	19
8.4.3 KOSTRA	20
8.4.4 Vurdering	20
8.5 Leiing, støttefunksjonar og sektorovergripande funksjonar	20
8.5.1 Einingar, regelverk, økonomi	20
8.5.2 Spørjeundersøking	21
8.5.3 KOSTRA	21
8.5.4 Vurdering	21
9. Selskap - aktuelle for forvaltningsrevisjon	22
10. Oppsummering - moglege prosjekt	22

FIGURLISTE

Figur 1: Målsetting med overordna analyse	5
Figur 2: Mål- og resultatstyring. Risikostyring	5
Figur 3: Risiko, sannsynlegheit og konsekvens	5
Figur 4: Grunnlagsdata for overordna analyse	6
Figur 5: Den kommunale effektkjeda	7
Figur 6: Gloppen kommune - administrativ organisering	10
Figur 7: Produksjonsindeks for Gloppen kommune, 2010	13



Generell del

1. Innleiing

1.1 Grunnlaget for den overordna analysen

Kontrollutvalet skal etter kontrollutvalgsforskrifta § 9 sjå til at kommunen årleg blir gjenstand for forvaltningsrevisjon. I følgje § 10 i same forskrifta skal utvalet, minst éin gang i løpet av valperioden – og seinast innan utgangen av året etter kommunestyrets konstituering – utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen, som skal vedtakast av kommunestyret, skal bygge på ein overordna analyse av kommunens verksemd. Analysen har som siktemål å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon innan dei forskjellige sektorane/områda i kommunen – ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar.

”Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner” (§ 10):

”Kontrollutvalget skal minst en gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i valgperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger., med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

Formålet med forvaltningsrevisjon er mellom anna å bidra til ei betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon blir fokus retta mot økonomi og måloppnåing i vid forstand. I følgje ”forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner” (§ 7) er forvaltningsrevisjon ei systematiske vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og effektar ut frå kommunestyrets vedtak og føresetnader. I følgje forskrifta kan til dømes ein forvaltningsrevisjon undersøke om

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.”*

Forvaltningsrevisjon blei lovfesta ved endringar i kommunelova i 1992. Bakgrunnen for at forvaltningsrevisjon blei innført som ein del av revisjon av kommunane og fylkeskommunane var auka krav til effektivitet og måloppnåing. Forvaltningsrevisjon er meint å fungere som eit viktig verktøy for kommunens øvste politiske organ for å føre tilsyn og kontroll med kommunens totale forvaltning og dei resultat som blir oppnådd. Forvaltningsrevisjon inneber at det gjennomførast ein type undersøkingar som gir dei folkevalde i kommunen informasjon om administrasjonens oppfølging av vedtak i kommunestyret, og resultatet av desse. Forvaltningsrevisjon kan samtidig bidra til at kommunal verksemd får auka produktivitet, meir effektiv måloppnåing og at drifta skjer i samsvar med gjeldande regelverk.

Identifisering og val av forvaltningsrevisjonsprosjekt ut frå ein overordna risiko- og vesentlegheitsanalyse er viktig – slik at ressursane blir sett inn på dei riktige områda og kommunen får prosjekt som har god nytteverdi. På den måten kan forvaltningsrevisjon gi effektar i form av organisasjonsmessig læring og utvikling i kommunen.



Figur 1: Målsetting med overordna analyse

1.2 Risiko og vesentlegheitsanalyse. Omgrepa.

Som nemnt skal den overordna analysen bygge på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Risiko seier noko om kor sannsynleg det er at ei uønska hending kan inntreffe slik at kommunen sine definerte mål ikkje blir nådd.

Risiko – Risikoreduserande tiltak = Risikoeksponering




Konsekvensen av at dei negative hendingane inntreffer er eit mål på kva dette inneber for kommunen.

Figuren under illustrerer kor viktig det er at risikostyring inngår som eit kontrollelement i si mål- og resultatstyring.

Figur 2: Mål- og resultatstyring. Risikostyring

I kva grad ei uønska hending kan hindre måloppnåing vil avhenge av




- i) Kor stor risikoen er for at hendinga kjem til å inntreffe, og
- ii) Kor stor konsekvensen av hendinga vil vere.

Risikoanalyser gjer det mogleg å vere etterpåkløkk på førehand!

Figur 3: Risiko, sannsynlegheit og konsekvens

2. Framgangsmåte og metode

Den overordna analysen er basert på modellen som er presentert i figuren nedanfor. Modellen viser dei kjeldene som er brukt som grunnlag i den overordna analysen for å vurdere og synleggjere aktuelle område for ein forvaltningsrevisjon.



Figur 4: Grunnlagsdata for overordna analyse

Det er gjennomført ei spørjeundersøking blant delar av administrasjonen og det politiske apparatet. Undersøkinga blei gjennomført per e-post ved bruk av programmet FluidSurvey. Spørjeundersøkinga tok utgangspunkt i kommunens organisasjonsmessige struktur og inneheldt spørsmål om kva for sektorar, fagområde og fokusområde som respondenten meiner bør prioriterast ved val av ein forvaltningsrevisjon.

Vidare er KOSTRA-tal frå 2010 brukt i analysen. Utvalde KOSTRA-tal for kommunen er samanlikna med tilsvarande tal for landet totalt, fylket og den kommunegruppa som kommunen er mest samanliknbar med. Kommunar som tilhøyrrer same KOSTRA-gruppe (kommunegruppe) har nokonlunde like driftsføresetnader.

Revisjonen sine erfaringar er brukt i analysen. Med bakgrunn i sitt arbeid kan den finansielle revisor trekke fram informasjon som kan gi innspel i forhold til kva for tema og område som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i kommunen.

Vi har også nytta diverse kvalitetsindikatorar i analysen. Døme på datakjelder for slike indikatorar er:

- Demografiske data (Statistisk Sentralbyrå)
- Indikatorar frå Utdanningsdirektoratet (skoleporten.no)
- Produksjonsindeksen for kommunane (Teknisk Beregningsutvalg)
- Kvalitetsindikatorar for pleie og omsorg (Helsedirektoratet)
- Bedrekommune.no

Førre analyseplan for forvaltningsrevisjon og tidlegare prosjekt (perioden 2008 – 2011) er også ein faktor som bør vere med i ein overordna analyse. Førre plan for forvaltningsrevisjon seier noko om kva for prioriteringar som vart gjort og bakgrunnen for desse (overordna analyse).

Kommunen sin årsrapport for 2010 er brukt i analysen. Denne rapporten kan fortelje noko om dei utfordringar som kommunen har hatt, og eventuelt framtidige utfordringar som kommunen forventar.

3. Kommunal forvaltning – mål, virkemiddel og rammevilkår

Den kommunale verksemda kan delast inn i følgjande fire kategoriar:

- Myndigheitsutøving
- Tenesteyting

- Forretningsverksemd
- Samfunnsutvikling

Myndigheitsutøving

Kommunane kan gjere vedtak som vedkjem personar sine rettar og plikter (jf. forvaltningslova §2). For å hindre myndigheitsmisbruk er det sett ei rekke vilkår for at eit vedtak skal vere rettskraftig. Her kan nemnast saksbehandlingsreglar i forvaltningslova, reglar i offentleglova om openheit og innsynsrett, legalitetsprinsippet og krav til kompetanse hos vedtaksorgan.

Tenesteyting

Kommunane driv tenesteyting som er lovpålagt gjennom særlovgiving, men kan også yte tenester som ikkje er lovpålagt. Dagtilbod, tryggleiksalarm, tilrettelagt bustad (trygde- og omsorgsbustader) og matombringning er døme på kommunale oppgåver som ikkje er lovpålagt.

Forretningsverksemd

Kommunane står fritt til å organisere tenestene som dei vil - som ein del av forvaltninga eller som forretningsverksemd, saman med andre kommunar eller åleine. Kommunelova trekk opp rammene for dette. Kommunane kan også konkurranseutsette verksemd eller selje den ut (privatisere). Ansvar for lovpålagte oppgåver kan likevel ikkje setjast vekk til andre.

Samfunnsutvikling

Som samfunnsutviklar søker kommunen å utvikle lokalsamfunnet innanfor mellom anna følgjande innsatsområde: næringsutvikling, jobbskaping, kommuneplan (arealdel og samfunnsdel), reguleringsplanar, samferdsle, omdømmebygging, inkluderingstiltak, miljø- og klimatiltak osv.

Dei oppgåvekategoriane som er nemnt over skal utførast med sikte på å gi kommunen

”størst mulig velferd til befolkningen innenfor de fastsatte rammene”

NOU 1990:13 kapittel 16.2

Kommunen må utføre sine oppgåver (myndigheitsutøving, tenesteyting, forretningsverksemd og samfunnsutvikling) innanfor dei rammevilkår som til ei kvar tid gjeld (disponibel økonomi, styrande regelverk og politiske prioriteringar).

Desse rammene representerer ei nasjonal styring av den kommunale forvaltninga. Dersom kommunen skal kunne nå nemnde mål innanfor dei gitte rammene, må det takast i bruk virkemiddel som på best mogleg vis sikrar ei kostnads- og formålseffektiv drift. Døme på slike virkemiddel kan vere: innovasjons- og utviklingsevne, sunn økonomistyring, god planlegging, kompetanseutvikling (“human resources”) og tenleg organisasjonsform.



Figur 5: Den kommunale effektkjeda

Overstående figur viser skjematisk korleis ”produksjonsprosessen” i den kommunale forvaltninga skjer.

Utfyllande kommentarar til figuren:

Innbyggjarane etterspør velferdstenester. Desse tenestene er anten lovpålagt eller ikkje. Det blir då ei målsetting for kommunen å tilpasse tenestene til innbyggjarane sine preferansar når det gjeld utforming og volum. Tenestetilbodet skal dessutan vere likt for alle innbyggjarar med same behov ("likhetsprinsippet"). Det skal også leggjast til grunn eit generasjonsperspektiv når det gjeld behovsdekking ("generasjonsprinsippet"). Dette inneber at dagens behovsdekking ikkje må påverke framtidige generasjonar si handleevne negativt. I økonomien taler vi om "det finansielle ansvarsprinsippet". Dette går ut på at det er dei som dreg nytte av tilbodet som skal bere produksjonskostnaden. Framtidige generasjonar skal såleis ikkje betale for dei tenestene som dagens brukarar konsumerer. "Formuesbevaringsprinsippet" inneber at dei årlege budsjett og rekneskap skal sørge for minst å oppretthalde formuesverdien (eigenkapitalen) i forhold til førre balansedag. Dette prinsippet er ikkje lovfesta, og lovgivinga legg berre delvis til rette for oppfyljing av kravet. Innsatsfaktorane i "produksjonsprosessen" (kommunen si yting av varer og tenester) blir finansiert gjennom budsjettmiddel som tenesteproduzenten blir gitt til rådvelde. Dei tenestene som blir resultatet av prosessen skal dekke innbyggjarane sine behov både med omsyn til mengde og kvalitet.

Gloppen kommune


4. Gloppen – nokre fakta om kommunen

Administrativ organisering

Gloppen kommune er organisert etter ein tradisjonell sektormodell eller trenivå-modell. Figuren under viser kommunens administrative styringsstruktur.

Administrativ organisering

Gjeld frå 1. januar 2011



Figur 6: Gloppen kommune - administrativ organisering

Einingar som har ramme rundt seg på kartet over, er eigne organisatoriske einingar. Personar og einingar som ikkje har ramme rundt seg, er funksjonar som organisatorisk høyrer til boksen over seg.

Kommunen har følgjande fire sektorar:

- Helse- og omsorg
- Oppvekst
- Kultur
- Teknisk

Kommunegruppe

Statistisk Sentralbyrå (SSB) har på bakgrunn av folkemengde og økonomiske rammevilkår kategorisert kommunane i 16 grupper. Grupperinga er meint som eit hjelpemiddel til å foreta fornuftige samanlikningar av kommunar.

Gloppen kommune tilhøyrer kommunegruppe 10, noko som tyder at Gloppen er ein mellomstor kommune med middels bundne kostnader per innbyggjar og låge frie disponible inntekter.

Det vidare opplegget i rapporten

I det følgjande ser vi nærmare på demografiske data, kommuneøkonomiske data og nøkkeltal på tenestenivå for Gloppen kommune. Resultatet frå spørjeundersøkinga blir også presentert. For kvart område som kan vere aktuelt for ein forvaltningsrevisjon, gir vi døme på korleis risiko eller uønskte hendingar kan hindre måloppnåing for kommunen. Slike risiki representerer ei utfordring for kommunen med omsyn til korleis truslane best kan handterast. Val av risikoreduserande tiltak vil vere med på å avgjere kor sterk kommunen si endelege risikoeksponering kjem til å bli.

5. Demografi

Utvikling i innbyggartal og samansetning av alder i ein kommune er faktorar som har kommunaløkonomiske konsekvensar. Dette er demografiske karakteristika som påverkar kva type tenester som vil bli etterspurt og volumet på etterspurnaden. Framskrivne data blir såleis sentrale i kommunen si planlegging av tenestespekter og dimensjonering av tenestetilbodet. Utvikling i demografiske tilhøve er såleis utgiftsdrivarar for mange tenester i kommunen. Andre kommunale oppgåver må styrast ut frå andre kriterium. For vedlikehald av kommunale vegar er det til dømes veglengda som er den største utgiftsdrivaren. I det følgjande beskriv vi nokre sentrale demografiske data for Gloppen kommune.

Folketal - utvikling og samansetting ¹⁾

Gloppen kommune gjekk inn i 2012 med et folketal på 5679 personar. Sjølv om det har vore svingningar i folketalet i heile perioden 2001 - 2012, er dette eit av dei lågaste tal sidan 2001. Ei framskrivning av folketalet basert på Statistisk Sentralbyrå (SSB) sine prognoser viser at det er venta ein tiltakande vekst heilt fram til 2030. Føresetnadane for denne framskrivingsprofilen er basert på middelværdir for prognosevariablane fertilitet, mobilitet, levealder og innvandring. Folketalsutviklinga må sjåast i høve til korleis endringane er forventa å skje innanfor dei ulike alderssegmenta. Sentrale trendar i den prognostiserte utviklinga av alderssegmenta er:

- barn i barnehagealder (0 - 5 år) har ein relativt kraftig vekst fram mot 2020.
- befolkning i arbeidsfør alder blir gradvis redusert i tida som kjem, og fell kraftig frå 2020.
- befolkning i pensjonert aldersgruppe stig jamt framover, med ein kraftig vekst i gruppa 80+ frå 2020.

Sysseletting etter næring ²⁾

I treårsperioden 2008 - 2010 har helse- og sosialtenestene i kommunen auka medan det har vore ein reduksjon i tilsette innanfor næringer i gruppe 45-82.

Oversikt over næringsgrupper:

01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske
 05-43 Sekundærnæringer
 45-82 Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom
 84 Offentlig administrasjon, forsvar, sosialforsikring
 85 Undervisning
 86-88 Helse- og sosialtjenester
 90-99 Personlig tjenesteyting
 00 Uoppgitt

Risiko:

- * Stadig større del av befolkning i høg alder.
- * Tilgang på kvalifisert personell.

Truar følgjande mål:

- * Brukarane skal motta forsvarlege tenester i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

¹⁾ Sjå kapittel om demografi, side 3-8 i nøkkeltalsheftet.

²⁾ Sjå diagram xiv og xv, side 8 i nøkkeltalsheftet.

6. Finansielle nøkkeltal

Kommentar til tala

Gloppen kommune har eit netto driftsresultat³⁾ som overstig driftsinntektene med om lag 7% for 2010. Kommunen har altså i løpet av dette året generert likviditet som kan nyttast til investeringar og/eller avsetningar til seinare bruk. Kommunen ligg godt over si kommunegruppe og landsgjennomsnittet for dette nøkkeltalet. Dette nøkkeltalet er anbefalt å vere minst 3 prosent av driftsinntektene.

Kommunen sitt disposisjonsfond⁴⁾ (akkumulert fri likviditet) er imidlertid låg. Normtalet for dette nøkkeltalet er sett til 5% av driftsinntektene, medan Gloppen kommune hadde ein reserve eller finansiell buffer på 1,3 % i 2010. Kommunen er imidlertid inne i ein spareprosess etter at alle frie finansielle reserver var tomme for nokre år tilbake. Dersom kommunen ønskjer å tilpasse seg normtalet for storleiken på disposisjonsfondet, bør kommunen budsjettere avsetning til fondet.

Arbeidskapitalen⁵⁾ gir uttrykk for kommunens likviditet, dvs. evnen til å betale forpliktelsane etter kvart som dei forfell. Arbeidskapitalen omfattar bankinnskot, verdipapir (aksjar, obligasjonar og liknande) og fordringar, fratrukke kortsiktig gjeld (t.d. kassakredittlån, sertifikatlån og leverandørgjeld). Utviklinga i arbeidskapitalen er skapt av frigjorte midlar som ikkje har blitt brukt til investeringar (sjå det som er sagt om netto driftsresultat over).

Gloppen kommune ligg noko lågt i forhold til gjennomsnittet for kommunegruppa og landet.


Kommunens lånegjeld⁶⁾ i prosent av brutto driftsinntekter seier noko om kommunen har ryggrad til å bere gjeldsbyrden. Gloppen kommune ligg under gjennomsnittet til si kommunegruppe og landssnittet.

Frie disponible inntekter per innbyggjar⁷⁾ er eit mål på kor store inntekter kommunen har til disposisjon etter at dei bundne inntektene er dekt inn. For dette nøkkeltalet scorer Gloppen kommune høgt.

7. Produksjonsindeks

Produksjonsindeksen gir ei oversikt over nivået på tenestene, inntektsnivået og driftsresultata for kommunane.

Netto driftsresultat



Indeksen er basert på produksjonsindikatorar for utvalde sektorar og seier noko om nivået på produksjonen i forhold til storleiken på målgruppa for tenestene. Dette gjer det mogleg å samanlikne nivået på tenestene for kommunen med andre kommunar. Tenestene som inngår i produksjonsindeksen er barnehagar, grunnskule, primærhelseteneste, pleie og omsorg, barnevern, sosialtenester og kultur. Disse tenestene utgjorde om lag 75 prosent av kommunane sine brutto driftsutgifter i 2010.

Sjølv om tenesteproduksjonen blir sett i høve til storleiken på målgruppa (behovet), vil kommunen sine økonomiske rammevilkår også spele inn på produksjonsnivået. Kommunen sine inntekter er derfor også vist i produksjonsindeksen.

For å vise i kva grad kommunen faktisk held seg innanfor dei økonomiske rammene den har, er også kommunen sitt netto driftsresultat oppgitt.

Dette kan gi god informasjon om samanhengen mellom inntekter og tenester, utan naudvendigvis å gje absolutte svar.

³⁾ Sjå diagram xvi, side 9 i nøkkeltalsheftet.


⁴⁾ Sjå diagram xvii, side 9 i nøkkeltalsheftet.

⁵⁾ Sjå diagram xviii, side 10 i nøkkeltalsheftet.

⁶⁾ Sjå diagram xix, side 10 i nøkkeltalsheftet.

⁷⁾ Sjå diagram xx, side 11 i nøkkeltalsheftet.

Korrigerte frie inntekter omfattar rammetilskotet og skatteinntektene til kommunen, inklusiv eigedomsskatt og eventuelle konsesjonskraftinntekter.



Figur 7: Produksjonsindeks for Gloppen kommune, 2010

Kommunar med ulik befolkningssamansetning eller geografisk struktur, vil ha ulikt nivå på kostnadane ved produksjon av same teneste, og rammetilskotet som kommunen mottok frå staten vil ta omsyn til dette. I berekninga av inntektsnivået er det derfor korrigert (ved hjelp av den såkalla kostnadsnøkkelen i inntektssystemet) for at kommunane har ulik befolkningssamansetning, bosettingsmønster og liknande. Slik blir tala samanliknbare mellom kommunane. Ein verdi på 100 på grafen, tilsvarar gjennomsnittet for alle kommunane.

Kommentar

Gloppen kommune har i 2009 og 2010 hatt eit netto driftsresultat som låg over det nasjonale gjennomsnittet. Dette betyr at kommunen sit tilbake med eit positivt bidrag til investeringar og/eller avsetningar, etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. Dei korrigerte inntektene til kommunen ligg likevel under landsgjennomsnittet. Det same gjer produksjonsindeksen.

Tenestene barnehage, grunnskule og sosialkontortenester ligg relativt nær landsgjennomsnittet, medan primærhelseteneste og PRO (pleie, rehabilitering og omsorg) ligg om lag 20% under landsgjennomsnittet. Samstundes ligg nivået for kultur 24% over gjennomsnittet for landets kommunar.

For Gloppen kommune er nivået på tenestene låge i høve til inntektsnivået samanlikna med andre.

8. Vurdering av tenesteområda

Som nemnt i innleiinga, har vi valt eit overordna perspektiv på tilnærminga til målformuleringar og risikovurderingar, delvis på grunn av manglande utbygd målstyringssystem i kommunen. Alle områda under kvar enkelt etat vil ikkje bli vurdert. Det blir føretatt eit utval mellom anna basert på kor vesentleg tenesteområdet er.

Vi gjer merksam på at mange indikatorverdiar i det følgjande er basert på "tingenes tilstand" for året 2010 (eventuel 2011 der slike har vore tilgjengelige). Indikatorar bør ideelt sett vurderast over tid for å gje best mogleg informasjon.

Det er 16 av 20 respondentar (80%) som har svart på spørjeundersøkinga som vi sende ut til medlem i formannskapet og gruppeleiarar, kontrollutvalsmedlem, samt rådmannen og sektorleiarane.

8.0 Resultat av spørjeundersøkinga - prioritering mellom tenesteområda

I spørjeundersøkinga ga vi respondentane høve til å prioritere forvaltningsrevisjon mellom dei fem områda som er nemnt nedanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Administrasjon og støttetjenester	0 (0%)	2 (22%)	1 (11%)	3 (33%)	1 (11%)	2 (22%)	9
Helse-, omsorgs- og sosialtenester	0 (0%)	0 (0%)	0 (0%)	2 (17%)	8 (67%)	2 (17%)	12
Oppvekst og utdanning	0 (0%)	0 (0%)	2 (17%)	3 (25%)	0 (0%)	7 (58%)	12
Kultur, fritid og miljø	0 (0%)	1 (14%)	4 (57%)	1 (14%)	1 (14%)	0 (0%)	7
Plan, teknisk, landbruk	0 (0%)	1 (12%)	1 (12%)	3 (38%)	3 (38%)	0 (0%)	8

Graderinga frå 1-6 seier noko om kor viktig respondentane meiner det er med ein forvaltningsrevisjon innanfor dei einskilde områda, der 1 er uviktig og 6 er svært viktig. Desse gradene av viktigeit fungerer som vektar ved utrekning av poengsum. Sum vektar svar blir så dividert med antal respondentar som har svart. Dette gir følgjande prioritering:

Oppvekst og utdanning	5,0
Helse-, omsorgs- og sosialtenester	5,0
Administrasjon og støttetjenester	4,0
Plan, teknisk, landbruk	4,0
Kultur, fritid og miljø	3,3

8.1 Oppvekst

8.1.1 Einingar, regelverk, økonomi

Sentrale einingar og oppgåver:

- Barnehagar
- Skular
- Gloppen opplæringscenter
- Kulturskulen
- PP-tenesta
- Helsestasjon

Sentral rettsleg regulering

- * Barnehagelova
- * Opplæringslova

8.1.2 Spørjeundersøking

86% av respondentane ser det som meget viktig eller svært viktig å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon innanfor grunnskulen. For barnehage og skulefritidsordninga tilsvarande resultat 57% og 36%.

Når det gjeld fokusområde svarte 77% at forvaltningsrevisjonen bør dreie seg om tilpassa opplæring. Av andre fokusområde som hadde ein score på over 40% kan nemnast: psykososialt miljø, spesialundervisning og kompetanse/rekruttering.

8.1.3 KOSTRA

Barnehage

For 2010 hadde Gloppen kommune ei barnehagedekning på 94,6%⁸⁾ og ligg dermed godt over snittet for si kommunegruppe og gjennomsnittet for landet.

Kommunen har også ei høg prioritering av barnehagesektoren⁹⁾ og disponerte i 2010 meir enn dobbelt så store driftsutgifter til målgruppa (1-5 år) som gjennomsnittet i kommunegruppa og landet for øvrig.

Når det gjeld driftsutgifter per barn¹⁰⁾ i kommunal barnehage ligg kommunen om lag likt med gjennomsnittet for si kommunegruppe, og ein god del lågare enn landsgjennomsnittet.

Grunnskule

Gloppen kommune brukte i 2010 ca 27% av netto driftsutgifter til grunnskule¹¹⁾. Dette er om lag tre prosentpoeng lågare enn gjennomsnittet for kommunegruppa og landet for øvrig. Dersom vi ser dette talet i forhold til andelen av innbyggjarar som er i målgruppa (6-15 år), kan dette forklare noko av avviket.

Når det gjeld utgifter til grunnskulen per elev¹²⁾, ligg Gloppen likt med gjennomsnittet for landet totalt. Variasjonen innanfor kommunegruppa er stor, og Gloppen ligg noko under snittet.

Andel av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning¹³⁾ er lågt i forhold til både gjennomsnittet for kommunegruppa og landssnittet.

8.1.4 Vurdering

Resultata frå spørreundersøkinga viser at det er eit fleirtal som ønsker ein forvaltningsrevisjon innanfor fokusområdet tilpassa opplæring i grunnskulen.

Gloppen ligg lågt når det gjeld Indikator for spesialundervisning.

I tillegg kan følgjande risiki nemnast:

Risiko:

- * Auka forventningar om individuelt tilpassa tenester.
- * Auke i andel av barn med vanskar i heimen og atferdsproblematikk.

Truar følgjande mål:

- * Gi tilpassa opplæring til alle barn i samsvar med opplæringslova.
- * Regeletterleving - Barnevernlova § 4-2 om meldingar til barnevernet.

⁸⁾ Sjå diagram xxii, side 12 i nøkkeltalsheftet.

⁹⁾ Sjå diagram xxi, side 12 i nøkkeltalsheftet.

¹⁰⁾ Sjå diagram xxiii, side 13 i nøkkeltalsheftet.

¹¹⁾ Sjå diagram xxiv, side 13 i nøkkeltalsheftet.

¹²⁾ Sjå diagram xxv, side 13 i nøkkeltalsheftet.

¹³⁾ Sjå diagram xxvi, side 14 i nøkkeltalsheftet.

8.2 Helse, omsorg og sosial

8.2.1 Einingar, regelverk, økonomi

Sentrale einingar og oppgåver:

Under dette tenesteområdet finn vi følgjande einingar og oppgåver:

- Legesenteret
- Barnevernstenesta
- Sjukeheimen
- Heimetenesta
- Sosialhjelp

Sentral rettsleg regulering

- * Kommunehelsetenestelova
- * Smittevernlova
- * Helsepersonellova
- * Sosialtenestelova
- * Barnevernlova
- * Krisesenterlova
- * Introduksjonslova

8.2.2 Spørjeundersøking

76% av respondentane ser det som meget viktig eller svært viktig å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon innanfor pleie, omsorg og re-/habiliteringstenesta (PRO). For helse og sosial omsorg (NAV) er tilsvarande resultat 61% og 46%.

Det er to fokusområde som har fått same score. 46% meinte at forvaltningsrevisjonen burde dreie seg om samhandlingsreforma og bekymringsmeldingar. Av andre fokusområde som hadde ein score på over 35% kan nemnast: individuelle planar og helsestasjonstenesta.

8.2.3 KOSTRA

Helse¹⁴⁾

Gloppen kommune ligg høgt når det gjeld prioritering av kommunehelsetenesta. I 2010 brukte kommunen om lag 50% meir enn gruppe- og landsgjennomsnittet på helsetenesta per innbyggjar. Når det gjeld legedekning i kommunen, har Gloppen 13 legeårsverk per 10 000 innbyggjarar. Omrekna til folketalet i Gloppen gir dette 8,7 legeårsverk.

For fysioterapitenesta er dekningsgrada 12,5 årsverk per 10 000 innbyggjarar.

Pleie og omsorg¹⁵⁾

Kommunen prioriterer tenesta litt høgare enn gjennomsnittet for kommunegruppa. I 2010 brukte kommunen nærmare 40% av netto driftsutgifter til pleie og omsorg.

Når ein ser utgiftsbruket i forhold til talet på innbyggjarar over 67 år, viser det seg at Gloppen har relativt sett større del av befolkninga innanfor brukargruppa enn snittalet for kommunegruppa og landet for øvrig. Dette gjeld spesielt for gruppa 80+. Dette betyr isolert sett at kommunen brukar mindre driftsutgifter til PRO enn gruppesnittet. Ei anna mogleg forklaring kan vere at kommunen driv meir kostnadseffektivt.

Tenesteprofilen til kommunen viser tydeleg at Gloppen - på same vis som t.d. Sykkylven og Giske i same kommunegruppe - har ein avvikande tenesteprofil i forhold til gjennomsnittsprofilen.

Dette skuldast at Gloppen har omgjort tenestetilbodet frå sjukeheimplass til tenester i omsorgsbustad. Ei slik omheimling frå sjukeheimplass til husleigebaserte tilbod har m.a. finansieringsmessige konsekvensar. Ein plass i omsorgsbustad kostar kommunen berre 40% av ein institusjonsplass. Gloppen ligg svært høgt når det gjeld brutto driftsutgifter i institusjon per kommunal plass.

¹⁴⁾ Sjå diagram side 15 i nøkkeltalsheftet.

¹⁵⁾ Sjå diagram side 16-18 i nøkkeltalsheftet.

I Gloppen kommune er det ein relativt låg prosent innbyggjarar på over 80 år som har heildøgns omsorgsteneste. Andel heimebuande med høg timeinnsats er høg. Kostnader per brukar i heimetenesta er litt under gjennomsnittet for kommunegruppa.

Barnevern¹⁶⁾

For netto driftsutgifter per innbyggjar i aldersgruppa 0-17 år ligg Gloppen kommune nærmare 50% under gjennomsnittet for kommunegruppa og landet for øvrig. Det er imidlertid stor spredning i ressursbruken innanfor kommunegruppa.

Andel barn med barnevernstiltak i same aldersgruppa er 4,4% for Gloppen. For kommunegruppe 10 er andelen 5,6 og for landet for øvrig 4,7.

Sosial¹⁷⁾

Netto driftsutgifter til sosialteneste per innbyggjar 20-66 år ligg tett opp mot gjennomsnittet for kommunegruppa.

Om lag 35% av dei som mottek sosialhjelp har dette som si hovudinntektskjelde. Dette er lågare enn gjennomsnittet i kommunegruppa og landet for øvrig.

I overkant av 3% av innbyggjarane i gruppa 20-66 år mottek sosialhjelp. Dette er også under gjennomsnittet.

8.2.4 Vurdering

Resultata frå spørjeundersøkinga viser at det er ønskjeleg å gjere ei undersøking innanfor pleie og omsorg. Blant fokusområda har samhandlingsreforma blitt framheva. Bekymringsmeldingar har også fått høg score. Sidan samhandlingsreforma berre har fungert ei kort tid, bør ei eventuell undersøking av den skje eit godt stykke ut i planperioden.

Den demografiske utviklinga viser at eldreomsorga kan stå foran store utfordringar for å møte auken i den eldre delen av befolkninga.

I tillegg kan følgjande risiki nemnast:

Risiko:

- * Auke innafor rusmisbruk og psykiatriske sjukdomar.
- * Auke og endring i tenestetilbodet på grunn av demografisk utvikling.
- * Barn som blir utsett for omsorgssvikt
- * Kommunen greier ikkje å tilpasse seg dei nye finansieringsordningane og det auka ansvaret for pasientbehandling (samhandlingsreforma).

Truar følgjande mål:

- * Gjennomføre ruspolitisk handlingsplan.
- * Alle som treng heildøgns omsorg skal få dette innan 2015 (nasjonalt mål).
- * Regeletterleving - Barnevernlova § 4-2 om meldingar til barnevernet (bekymringsmeldingar).
- * Alle skal ha eit likeverdig tilbod om helsetenester uavhengig av diagnose, bustad, personleg økonomi, kjønn, etnisk bakgrunn og den enkeltes livssituasjon (samhandlingsreforma).

8.3 Teknisk og landbruk

8.3.1 Einingar, regelverk, økonomi

Sentrale einingar og oppgåver:

Under desse tenestekområda finn vi følgjande einingar og oppgåver:

- Eigedomsavdelinga
- Bygg og anlegg
- Kart og oppmåling
- Planarbeid

¹⁶⁾ Sjå diagram side 18-19 i nøkkeltalsheftet.

¹⁷⁾ Sjå diagram side 20 i nøkkeltalsheftet.

- Brann og redning
- Bygg og anlegg
- Uteseksjon

Sentral rettsleg regulering

- Vass- og kloakkavgiftslova
- Forureiningslova
- Plan- og bygningslova
- Matrikkellova
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Odelslova, konsesjonslova, jordlova m.m.

8.3.2 Spørjeundersøking

57% av respondentane ser det som meget viktig eller svært viktig å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon innanfor eigedomsforvaltning. Dei tre områda veg, plansaker og byggesaksbehandling har ein score på 50%.

Følgjande fokusområde har fått ein score på 43%: forvaltning, drift og vedlikehald av fast eigedom, arealplanlegging og drift og vedlikehald av kommunale vegar.

8.3.3 KOSTRA

Årsgebyr for VAR-tenestene¹⁸⁾ vatn og avløp ligg om lag på same nivå som gjennomsnittet for kommunegruppa eller noko lågare (for avløp). Feiegebyret er derimot ein del høgare. Brutto driftsutgifter per kilometer veg¹⁹⁾ i Gloppen ligg på gjennomsnittet for kommunegruppa. Det er imidlertid store utgiftsvariasjonar i gruppa.

Alle byggearbeid som ikkje kan behandlast som melding om tiltak, er søknadspliktige. Tiltaka kan delast inn i følgjande kategoriar:

Enkle tiltak²⁰⁾

Omgrepet "enkle tiltak" blir brukt om tiltak der omfanget og kompleksiteten i kommunens saksbehandling vil vere avgrensa. Desse sakene skal sikrast rask saksbehandling og avklaring. I Plan- og bygningslova § 21-7, andre ledd er det fastsett ein tidsfrist på 3 veker for behandling av slike saker etter at kommunen har motteke fullstendig søknad om løyve.

KOSTRA-data viser at Gloppen kommune har klart å oppretthalde same gjennomsnittlege saksbehandlingstid per byggesøknad i 2011 sjølv om søknadsmengda har auka frå 2010. Kommunen har ikkje hatt fristbrot desse åra, og så godt som alle saker er ferdigbehandla (lite etterslep).

Eitt-trinns søknadar²¹⁾

Ein eitt-trinns søknad forutset at tiltaket er ferdig prosjektert når søknaden blir sendt til kommunen, jf. plan- og bygningsloven § 20-1. Når tillatelsen frå kommunen ligg føre kan arbeidet starte opp.

Tal på søknadar er halvert frå 40 til 20 dei to siste åra, medan den gjennomsnittlege saksbehandlingstida har auka frå 23 til 35 dagar. Kompleksitet i sakstilgang kan vere ein mogleg forklaringsfaktor. Det har ikkje vore fristbrot i saksbehandlinga.

¹⁸⁾ Sjå diagram side 21 i nøkkeltalsheftet.

¹⁹⁾ Sjå diagram xlv side 22 i nøkkeltalsheftet.

²⁰⁾ Sjå diagram side 22 i nøkkeltalsheftet.

²¹⁾ Sjå diagram side 23 i nøkkeltalsheftet.

To-trinnsøknad - "Rammetillatelse" ²²⁾

Dette gjeld dei tilfelle der søkjaren ønskjer tillatelse frå kommunen før ein set i gang arbeidet med detaljprosjektering. Igangsetting kan først skje når alle rammevilkår er fulgt opp.

I 2011 har talet på rammesøknader gått ned frå 21 til 14 i forhold til førre år. Saksbehandlingstida er halde på same nivå, og det har heller ikkje vore fristbrot når det gjeld saksbehandlingstid.

8.3.4 Vurdering

Resultata frå spørjeundersøkinga viser at forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedoms- masse og kommunale vegar har fått høge score.

KOSTRA-tal for saksbehandling viser ingen døme på at fristar er overskridne.

I førre valperiode vart sjølvkosttenestene innanfor VAR-området undersøkt nærmare. Dette fokusområdet er derfor uaktuelt å sjå nærmare på no.

I tillegg kan følgjande risiki nemnast:

Risiko:

- * Kommunen greier ikkje å rekruttere teknisk kompetanse i konkurranse med det private næringsliv.
- * Manglande vedlikehald av bygningsmasse og infrastruktur.
- * Ulik behandling av like saker (usakleg forskjellsbehandling).

Truar følgjande mål:

- * Fullverdig tenestetilbod.
- * Forvalte kommunen sin eigedomsmasse slik at verdiar blir teke vare på.
- * Likebehandlingsprinsippet.

8.4 Kultur

8.4.1 Einingar, regelverk, økonomi

Sentrale einingar og oppgåver:

- Biblioteket
- Kinoen
- Fritidsklubben
- Idrettsanlegga
- Kulturmidlar

Sentral rettsleg regulering

- Folkebiblioteklova
- Kulturminnelova
- Kulturlova
- m.m.

8.3.2 Spørjeundersøking

61% av respondentane ser det som meget viktig eller svært viktig å gjennomføre ein forvaltnings- revisjon innanfor området kulturhus. Dei områda som kjem nærmast har ei oppslutning på under 40%. Drift av Trivselshagen IKS er nemt som fokusområde av ein respondent. Dei to fokusområda tilskot og miljøretta helsevern har begge fått ein score på 62%.

²²⁾ Sjå diagram side 24 i nøkkeltalsheftet.

8.4.3 KOSTRA

Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter²³⁾ er høge og ligg om lag midt mellom gjennomsnittet for kommunegruppa og landet for øvrig. Gloppen har også relativt høge driftsutgifter knytt til kultur- og musikkskule²⁴⁾ i forhold til kommunegruppa og landssnitt. Kommunen gir kommunal driftsstøtte²⁵⁾ til eit relativt høgt antal frivillige lag i forhold til kommunegruppa og landssnittet, noko som inneber at driftstilskotet er vesentleg lågare enn snittet per mottakar.

8.4.4 Vurdering

Resultata frå spørjeundersøkinga viser at det er størst ønskje om ei undersøking av kommunen si drifting av kulturhuset. Miljøretta helsevern og forvaltning av tilskotsordningar har også fått høge score.

KOSTRA-tala som er sett nærmare på gir ingen spesielle indikasjonar. Produksjonsindeksen viser imidlertid at kultursektoren i 2010 hadde eit tenestenivå som låg 24% over landsgjennomsnittet.

I tillegg kan følgjande risiki nemnast:

Risiko:

- * Miljøforureining
- * Uetisk eller partisk tildeling av tilskot (utgift)
- * Kommunen søkjer ikkje på aktuelle tilskot (inntekt).

Truar følgjande mål:

- * Sikre befolkninga mot faktorar i miljøet, blant anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale, som kan ha negativ innverknad på helsa (Forskrift om miljøretta helsevern §1).
- * Effektiv og "rettferdig" forvaltning av tilskot.
- * Tap av inntekter.

8.5 Leiing, støttefunksjonar og sektorovergripande funksjonar

8.5.1 Einingar, regelverk, økonomi

Sentrale einingar og oppgåver:

For at kommunane skal kunne utføre den tenesteproduksjonen som er lagt til forvaltningsnivået, må det leggest til rette gjennom eit vel fungerande leiar- og støtteapparat. I tillegg til den administrative leiarfunksjonen, har kommunen følgjande støttefunksjonar:

- Økonomifunksjonen
- IKT-funksjonen
- Personal og organisering
- Servicefunksjonen

Det er viktig å sjå at også desse støttefunksjonane kan vere objekt for ein forvaltningsrevisjon, sidan tenestene som er retta mot innbygarane i høg grad er avhengig av dei interne tenestene for å kunne fungere.

Sentral rettsleg regulering

- Kommuneleva
- Forvaltningslova
- Offentleglova
- Arbeidsmiljølova

²³⁾ Sjå diagram Iv, side 25 i nøkkeltalsheftet.

²⁴⁾ Sjå diagram Ivi, side 25 i nøkkeltalsheftet.

²⁵⁾ Sjå diagram Ivii og Iviii side 25 og 26 i nøkkeltalsheftet.

- Lov om offentlege innkjøp
- Personopplysningslova
- Arkivlova
- Likestillingslova
- m.m.

Dei nemnde lovene er generelle og sektorovergripande, men er plassert her fordi vi har valt å skilje ut særlovene på sektornivået.

8.5.2 Spørjeundersøking

Leiing og styringssystem

Dersom det skal gjennomførast eit prosjekt innanfor dette området, meiner 53% av dei spurte at det er meget eller svært viktig å sjå nærmare på organisasjonsutvikling.

På dei neste plassane kjem avvikshandtering (47%) og koordinering/intern samhandling (40%).

Støttefunksjonar

Økonomifunksjonen

75% av respondentane meiner at det er meget eller svært viktig å sjå nærmare på økonomistyringa i kommunen. Deretter kjem rekneskapsfunksjonen med 56%.

62% nemner budsjetteringsprosessen som eit viktig fokusområde.

Kommunerevisjonen si erfaring er at vedtak som medfører budsjettendringar ofte er mangelfulle.

IKT-funksjonen

63% av respondentane meiner at det er meget eller svært viktig å gjennomføre eit prosjekt innanfor drift av datasystem. For brukarane er kompetanseutvikling/læring og IKT som effektiviseringsfaktor framheva som viktige fokusområde.

Personal og organisering

Dei to områda som blir sett på som meget eller svært viktige å sjå nærmare på, er personal- og lønspolitikk (56%) og kompetanseutvikling (50%).

Servicefunksjonen

60% av respondentane ser det som meget viktig eller svært viktig å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon innanfor området publikumstenester. Nærast ligg arkivtenesta med ei oppslutning på 43%. 73% av respondentane har sett på praktisering av openheit og innsyn som eit interessant fokusområde.

Sektorovergripande funksjonar

Av sektorovergripande funksjonar er det 62% av respondentane som har valt beredskap som fokusområde. Etter dette kjem innkjøp med 46%.

8.5.3 KOSTRA

Netto driftsutgifter per innbyggjar som går til administrasjon, styring og fellesutgifter²⁶⁾ ligg noko over kommunegruppa og landsgjennomsnittet.

Løn til administrasjon og styring i prosent av totale lønsutgifter²⁷⁾ ligg lågare enn både kommunegruppe- og landsgjennomsnittet.

8.5.4 Vurdering

Resultata frå spørjeundersøkinga viser at 75% av respondentane ønskjer at ein forvaltningsrevisjon bør sjå nærmare på økonomistyringa og budsjettprosessen i kommunen.

Av andre prosjekttema som kjem fram i spørjeundersøkinga, kan vi til dømes nemne:

- * Kompetanse og opplæring innanfor IKT

²⁶⁾ Sjå diagram lix, side 27 i nøkkeltalsheftet.

²⁷⁾ Sjå diagram lx, side 27 i nøkkeltalsheftet.

- * IKT som effektiviseringsfaktor
- * Personal- og lønspolitikk
- * Kompetanseutvikling
- * Praktisering av openheit og innsyn

Vår erfaring er at kommuneleiinga er svært oppteken av kompetanseutvikling og opplæring i organisasjonen.

I tillegg kan følgjande risiki nemnast:

Risiko:

- * Vesentlege manglar i det interne kontrollsystemet.

Truar følgjande mål:

- * Regeletterleving - kommunelova §23,2 (rådmannen sitt ansvar for intern kontroll).
- * Mål- og kostnadseffektiv drift

9. Selskap - aktuelle for forvaltningsrevisjon

Selskapskontroll er heimla i kommunelova § 77 nr. 5 og består av ein obligatorisk eigarskapskontroll og frivillig bruk av forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om kontrollutvalg § 14, 2. ledd: "Selskapskontrollen kan også omfatte ...".

For at revisor skal ha full innsynsrett i selskapet, må det vere 100% eigd av kommunar/fylkeskommunar, jf. kommunelova § 80.

For Gloppen kommune kan såleis følgjande selskap vere aktuelle for ein forvaltningsrevisjon:

- Firda Billag AS
- Nomil IKS
- Nordfjord Havn IKS
- Trivselshagen IKS
- Gloppen Energi AS
- Gloppen Næringsinvest AS
- Kråna Eigedom AS

10. Oppsummering - moglege prosjekt

Med bakgrunn i resultatata frå spørjeundersøkinga, KOSTRA-tal, statlege styringssignal og reformer, lov, lokale vedtak og system, ser vi for oss følgjande moglege prosjekt for perioden 2012 – 2015:

- Tilpassa opplæring i grunnskulen - evaluering
- Omheimling av sjukeheimplassar - effektar.
- Bekymringsmeldingar i barnevernet.
- Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse.
- Utvikling av kostnader i drift over tid, med spesielt auge på kultur sin store auke framover og skule sin manglande innteningar tross skulestrukturendring.
- Økonomiplanlegging
- Saker som medfører budsjettendringar
- Forvaltningsrevisjon i selskap

Prosjektforslaga over er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge og heller ikkje kronologisk i høve gjennomføringstidspunkt.



Kommunerevisjonen vonar at denne analysen kan vere eit tilstrekkeleg grunnlag for kontrollutvalet til å gjere sine prioriteringar og sette opp ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon for perioden 2011 – 2015.

Sandane, den 25. april 2012

Markvard Sunde
Revisjonssjef

Gunnar Ryste
Revisjonskonsulent

Nøkkeltalshefte

**Vedlegg til overordna analyse for
Gloppen kommune**

INNHALD

Demografi.....	3
Finansielle nøkkeltall	9
Oppvekst	12
Helse, omsorg og sosial	15
Teknisk og landbruk	21
Kultur	25
Leiing og støttefunksjonar	27
Resultat av spørjeundersøkinga.....	28

Demografi




Diagram i: Befolkningspyramide per 01.01.2012

Utvikling i folketal 2001 - 2012




Diagram ii: Utvikling i folketal, 2001 - 2012

Utvikling i folketallet i perioden 2000 - 2011, Gloppen kommune




Diagram iii: Fødselsoverskott, netto innflytting og folkevekst

Framskrivnen folkemengde




Diagram iv: Framskrive folketal, 2013 - 2040

Framskrivne alderskategorier i % av folketal




Diagram v: Framskrive folketal og alderssamansetting i prosent




Diagram vi: Framskrive folketal, 0-5 år




Diagram vii: Framskrive folketal, 6-12 år




Diagram viii: Framskrive folketal, 13-15 år




Diagram ix: Framskrive folketal, 16 - 19 år




Diagram x: Framskrive folketal, 20 - 44 år




Diagram xi: Framskrive folketal, 67 - 79 år




Diagram xii: Framskrive folketal, 67 - 79 år




Diagram xiii: Framskrive folketal, 80 år og eldre




Diagram xiv: Syssette etter næring per 4. kvartal 2010




Diagram xv: Endring i syssetting etter næring i perioden 2008 - 2010

Finansielle nøkkeltall

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter




Diagram xvi: Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter

Disposisjonsfond i % av driftsinntekter




Diagram xvii: Disposisjonsfond i % av driftsinntekter




Diagram xviii: Arbeidskapital i % av driftsinntekter




Diagram xix: Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter

Frie inntekter per innbygger




Diagram xx: Frie inntekter per innbygger

Oppvekst

Prioritering 2010 - barnehage




Diagram xxi: Netto driftsutgifter per innbygger 1 - 5 år

Dekningsgrad 2010 - barnehage




Diagram xxii: Andel barn 1 - 5 år med barnehageplass




Diagram xxiii: Korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunal barnehage




Diagram xxiv: Netto driftsutgifter til grunnskulesektor i % av totale netto driftsutgifter




Diagram xxv: Korrigert brutto driftsutgift til grunnskule, skulelokaler og skyss per elev




Diagram xxvi: Andel elever i grunnskulen som får spesialundervisning

Helse, omsorg og sosial

Prioritering - kommunehelsetenesta 2010




Diagram xxvii: Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta per innbyggjar

Dekningsgrad 2010 - Fysioterapi




Diagram xxviii: Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar

Netto driftsutgifter til pleie og omsorg i % av totale netto driftsutgifter




Diagram xxix: Netto driftsutgifter til pleie og omsorg i % av totale netto driftsutgifter

Kostnadsdrivarar 2010 - pleie og omsorg




Diagram xxx: Andel innbyggjarar 67 - 79 år og 80 år eller meir

Tenesteprofil 2010 - pleie og omsorg




Diagram xxxi: Andel av netto driftsutgifter til pleie og omsorg som går til henholdsvis innstusjonar, tenester til heimebuande og aktivisering/støttetjenester




Diagram xxxii: Andel plassar i brukartilpassa eierom med eige bad/wc




Diagram xxxiii: Andel av innbyggjarar 80+ som er bebuarar på institusjon og andel plassar i institusjon og heildøgnsbemanna bustad i % av befolkinga over 80 år



Diagram xxxiv: Korrigerede brutto driftsutgifter, institusjon per kommunal plass




Diagram xxxv: Andel innbyggjarar 80+ i bustad med heildøger bemanning og andel heimebuande med høg timesats




Diagram xxxvi: Korrigert brutto driftsutgifter per mottakar av heimetenester




Diagram xxxvii: Undersøkingar i barnevernet

Netto driftsutgifter per barn i barnevernet




Diagram xxxviii: Netto driftsutgifter per barn i barnevernet

Nto. driftsutg. per innbygger 0-17 år og andel barn med barnevernstiltak ift innbyggerar 0-17 år




Diagram xxxix: Nto. driftsutg. per innbygger 0-17 år ift. andel barn med barnevernstiltak 0-17 år

Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år og andel barn med barnevernstiltak i.f.t. innbyggerar 0-17 år




Diagram xl: Ressursar som går til barnevernet




Diagram xli: Netto driftsutgifter til sosialteneste per innbyggjar 20 - 66 år




Diagram xlii: Ressursinnsats i sosialtenesta

Teknisk og landbruk

Årsgebyr for vassforsyning - 2011




Diagram xliii: Årsgebyr for vassforsyning (2011)

Årsgebyr avløp - 2011




Diagram xliv: Årsgebyr for avløp (2011)

Årsgebyr - feiing 2011




Diagram xlv: Årsgebyr for feiing (2011)

Brutto driftsutgifter i kroner per km veg og gate




Diagram xlvii: Brutto driftsutgifter i kroner per km veg og gate

Antall byggesaker med overskriden saksbehandlingstid - enkle tiltak




Diagram xlviii: Antal byggesaker med overskride saksbehandlingstid - enkle tiltak

Gj.sn. saksbehandlingstid byggesak - enkle tiltak




Diagram xlviii: Gj.snittleg saksbehandlingstid byggesak - enkle tiltak



Diagram xlix: Antall byggesaker med overskriden saksbehandlingstid - ett-trinns søknader




Diagram l: Gj.snittleg saksbehandlingstid for byggesaker om tiltak - ett-trinns søknader



Diagram li: Antall ett-trinns byggesøknader ferdig behandla og vedtekne siste år



Diagram lii: Antall byggesaker med overskriden saksbehandlingstid - rammesøknader



Diagram liii: Gj.snittleg saksbehandlingstid byggesøknader om tiltak - rammesøknader




Diagram liv: Gj.snittleg saksbehandlingstid byggesøknader om tiltak - rammesøknader

Kultur

Nto. driftsutg. til kultursektoren i % av kommunens totale nto. driftsutg.




Diagram lv: Netto driftsutgifter til kultursektoren i % av kommunens totale netto driftsutgifter

Netto driftsutgifter til kultur- og musikkskuler




Diagram lvi: Netto driftsutgifter til kultur og musikkskuler

Antall frivillige lag som mottek kommunal driftsstøtte




Diagram lvii: Antall frivillige lag som mottek kommunal driftsstøtte



Diagram lviii: Kommunale driftstilskot til lag og foreninger per lag som mottek tilskot

Leing og støttefunksjonar




Diagram lix: Netto driftsutgifter per innbyggjar til administrasjon, styring og fellesutgifter




Diagram lx: Løn til administrasjon og styring i % av totale lønnsutgifter

Resultat av spørjeundersøkinga

Svarprosent i undersøkinga: 80% (16 av 20).

1. Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Administrasjon og støttetjenester	0 (0%)	2 (22%)	1 (11%)	3 (33%)	1 (11%)	2 (22%)	9
Helse-, omsorgs- og sosialtenester	0 (0%)	0 (0%)	0 (0%)	2 (17%)	8 (67%)	2 (17%)	12
Oppvekst og utdanning	0 (0%)	0 (0%)	2 (17%)	3 (25%)	0 (0%)	7 (58%)	12
Kultur, fritid og miljø	0 (0%)	1 (14%)	4 (57%)	1 (14%)	1 (14%)	0 (0%)	7
Plan, teknisk, landbruk	0 (0%)	1 (12%)	1 (12%)	3 (38%)	3 (38%)	0 (0%)	8







2) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Økonomifunksjonen	1 (6%)	1 (6%)	1 (6%)	2 (12%)	6 (38%)	5 (31%)	16
IKT-funksjonen	0 (0%)	0 (0%)	3 (19%)	5 (31%)	2 (12%)	6 (38%)	16
Personal og organisering	0 (0%)	2 (12%)	2 (12%)	2 (12%)	6 (38%)	4 (25%)	16
Servicefunksjonen	0 (0%)	2 (12%)	2 (12%)	6 (38%)	5 (31%)	1 (6%)	16
Leing og styringssystem	0 (0%)	1 (6%)	1 (6%)	5 (31%)	3 (19%)	6 (38%)	16

2.1a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Rekneskap	1 (6%)	1 (6%)	4 (25%)	1 (6%)	5 (31%)	4 (25%)	16
Løn	0 (0%)	0 (0%)	4 (27%)	5 (33%)	5 (33%)	1 (7%)	15
Økonomistyring	0 (0%)	0 (0%)	1 (6%)	3 (19%)	5 (31%)	7 (44%)	16

2.1b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor økonomifunksjonen, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Budsjetteringsprosessen		25%	4
Budsjettoppfølgjing		62%	10
Rapportering		50%	8
Prosjektrekneskap		31%	5
Økonomisk intern kontroll		44%	7
Finansforvaltning		31%	5
Anna, ver venleg å spesifisere:		0%	0

Total responses: 16

2.2a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Drift	1 (6%)	0 (0%)	2 (12%)	3 (19%)	6 (38%)	4 (25%)	16
Brukarstøtte	1 (6%)	0 (0%)	2 (12%)	6 (38%)	6 (38%)	1 (6%)	16

2.2b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor IKT-funksjonen, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
IKT-samarbeid		19%	3
Informasjonssikring		31%	5
Kompetanseutvikling og læring		56%	9
Elektronisk dokument- og saksflyt i saksbehandlingskjeda		44%	7
Grøn IKT - energieffektiv bruk, bruk av datautstyr for å redusere papirforbruk og reiseverksemd		19%	3
IKT som effektiviseringsfaktor		50%	8
Anna, ver venleg å spesifisere:		0%	0
Total responses:			16

2.3a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Personalområdet	1 (6%)	0 (0%)	2 (12%)	5 (31%)	7 (44%)	1 (6%)	16
Organisasjonsutvikling	1 (6%)	1 (6%)	2 (12%)	6 (38%)	5 (31%)	1 (6%)	16





2.3b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor personal- og organiseringsfunksjonen, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Personal- og lønspolitikk		56%	9
Helse, miljø og tryggleik (HMS)		38%	6
Inkluderande arbeidsliv (IA)		31%	5
Kompetanseutvikling		50%	8
Bedriftshelsetenesta		12%	2
Anna, ver venleg å spesifisere:		0%	0
Total responses:			16







2.4a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Interne tenester	0 (0%)	1 (7%)	5 (36%)	4 (29%)	4 (29%)	0 (0%)	14
Publikumstenester	0 (0%)	0 (0%)	2 (13%)	4 (27%)	7 (47%)	2 (13%)	15
Drift av heimeside	1 (7%)	1 (7%)	4 (29%)	4 (29%)	4 (29%)	0 (0%)	14
Arkiv	0 (0%)	0 (0%)	5 (36%)	3 (21%)	4 (29%)	2 (14%)	14

2.4b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor servicefunksjonen, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Servicegrad		33%	5
Praktisering av openheit og innsyn		73%	11
Nettbasert informasjon		40%	6
Arkivet som oppdatert og effektiv informasjonsbase		20%	3
Anna, ver venleg å spesifisere:		0%	0
		Total responses:	15













2.5) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor leiing og styringssystem, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Delegering		27%	4
Etikk/organisasjonskultur		7%	1
Organisasjonsutvikling		53%	8
Avvikshandtering		47%	7
Koordinering/intern samhandling		40%	6
Saksutgreiing		20%	3
Anna, ver venleg å spesifisere:		0%	0
		Total responses:	15

3a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Pleie og omsorg og re/habiliteringstenesta	0 (0%)	0 (0%)	2 (15%)	1 (8%)	5 (38%)	5 (38%)	13
Helse (legetenesta)	0 (0%)	0 (0%)	2 (15%)	3 (23%)	6 (46%)	2 (15%)	13
Sosial omsorg (NAV)	0 (0%)	0 (0%)	1 (8%)	6 (46%)	4 (31%)	2 (15%)	13

3b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor helse-, omsorgs- og sosialtenester, kor bør fokus rettast etter di meining?







Response	Chart	Frequency	Count
Institusjonsplassar		31%	4
Heimetenesta		15%	2
Kompetanse/rekruttering		31%	4
Individuelle planar		38%	5
Psykisk helsearbeid		23%	3
Legedekning		23%	3
Skulehelsetenesta		31%	4
Helsestasjonstenesta		38%	5
Fysio- og ergoterapidekning		8%	1
Bekymringsmeldingar		46%	6
Kvalifiseringsprogram		15%	2
Samhandlingsreforma		46%	6
Anna, ver venleg å spesifisere:		0%	0

Total responses: 13

4a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Barnehagar	0 (0%)	0 (0%)	1 (7%)	5 (36%)	6 (43%)	2 (14%)	14
Grunnskule	0 (0%)	0 (0%)	1 (7%)	1 (7%)	5 (36%)	7 (50%)	14
Skulefritidsordninga (SFO)	0 (0%)	0 (0%)	3 (21%)	6 (43%)	5 (36%)	0 (0%)	14

4b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor oppvekst og utdanning, kor bør fokus rettast etter di meining?







Response	Chart	Frequency	Count
Barnehagedekning		15%	2
Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)		38%	5
Tilpassa opplæring		77%	10
Spesialundervisning		46%	6
Psykososialt skulemiljø		54%	7
Skuleskyss		0%	0
Kompetanse og rekruttering		46%	6
Vedtekter for skulefritidsordninga		0%	0
Anna, ver venleg å spesifisere:		0%	0

Total responses: 13

5a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Bibliotek	3 (23%)	1 (8%)	6 (46%)	2 (15%)	1 (8%)	0 (0%)	13
Kino	3 (23%)	3 (23%)	4 (31%)	3 (23%)	0 (0%)	0 (0%)	13
Kulturskule	0 (0%)	0 (0%)	5 (36%)	4 (29%)	5 (36%)	0 (0%)	14
Idrettsanlegg	1 (7%)	2 (14%)	4 (29%)	2 (14%)	5 (36%)	0 (0%)	14
Kulturhus	0 (0%)	1 (8%)	3 (23%)	1 (8%)	6 (46%)	2 (15%)	13
Miljø	0 (0%)	0 (0%)	5 (42%)	3 (25%)	2 (17%)	2 (17%)	12

5b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor kultur, fritid og miljø, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Tilskot		62%	8
Kulturminnevern		8%	1
Friluftsliv		8%	1
Miljøtiltak		15%	2
Miljøretta helsevern		62%	8
Anna, ver venleg å spesifisere:		8%	1

Total responses: 13

Anna: Drift Trivselshagen IKS.

6a) Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:

	1	2	3	4	5	6	Total
Vatn, avløp, renovasjon (VAR)	0 (0%)	2 (14%)	1 (7%)	5 (36%)	5 (36%)	1 (7%)	14
Veg	0 (0%)	1 (7%)	2 (14%)	4 (29%)	5 (36%)	2 (14%)	14
Brann- og feievesen	1 (7%)	1 (7%)	2 (14%)	4 (29%)	6 (43%)	0 (0%)	14
Eigedomsforvaltning	0 (0%)	0 (0%)	1 (7%)	5 (36%)	6 (43%)	2 (14%)	14
Plansaker	0 (0%)	2 (14%)	1 (7%)	4 (29%)	5 (36%)	2 (14%)	14
Byggesaksbehandling	0 (0%)	1 (7%)	1 (7%)	5 (36%)	4 (29%)	3 (21%)	14
Kart og oppmåling	0 (0%)	1 (7%)	5 (36%)	5 (36%)	2 (14%)	1 (7%)	14
Landbruk	0 (0%)	0 (0%)	4 (29%)	6 (43%)	3 (21%)	1 (7%)	14

6b) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor plan, teknisk sektor og landbruk, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Sjølvkost		36%	5
Konsesjonsbehandling		29%	4
Forvaltning, drift og vedlikehald av fast eigedom		43%	6
Arealplanlegging		36%	5
Behandling av dispensasjonssaker		43%	6
Drift og vedlikehald av kommunale vegar		43%	6
Veterinærtenesta		7%	1
Tilskotsforvaltning i landbruksavdelinga		21%	3
Anna, ver venleg å spesifisere:		7%	1

Total responses: 14

Anna: Brannberedskap.

7) Dersom det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon innanfor sektorovergripande funksjonar, kor bør fokus rettast etter di meining?

Response	Chart	Frequency	Count
Innkjøp		46%	6
Betalingsattsar		38%	5
Forsikring		15%	2
Beredskap		62%	8
Fysisk sikring		0%	0
Saksbehandlingstid		31%	4

Total responses: 13

8) Eigne kommentarar:

Utvikling av kostnader i drift over tid, med spesielt auge på kultur sin store auke framover, og skule sin manglande innteningar tross skulestruktur-ending.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 20.08.2014	Saksnr 018/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/87
---	-------------------------	------------------------------

Forvatningsrevisjon - Val og tinging av nytt prosjekt

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.07.2014	Kommunestyresak 080-12 Plan for forvaltningsrevisjon for Gloppen kommune for perioden 2012-2015, handsama 1.10.2012	100

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

1. Kontrollutvalet tingar, Prosjektstyring i Gloppen kommune, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av Kommunerevisjonen i Nordfjord.
 - Formålet er å få ei vurdering av prosjektstyring i Gloppen kommune, om kommunen har eit tilfredstillande system/retningslinjer for planlegging, gjennomføring og avslutting av investeringsprosjekt.
 - Kontrollen skal avgrensast til perioden 2013 - 2014.
 - Leveringsfrist 1. mars 2015.
2. Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte 26. november 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet.

...

Saksutgreiing:

Forvaltningsrevisjonsrapport – Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen, vart handsama i kontrollutvalet 5.6.2014, og er sendt Gloppen kommune for endeleg handsaming i kommunestyret. Det skal no veljast nytt prosjekt, og SEKOM-sekretariat tar utgangspunkt i Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015, der det er følgjande prosjekt som er prioritert:

1. Prosjektplanlegging i Gloppen kommune
2. Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse.
3. Kommunale saksgangsrutinar.
4. IKT sikkerheit.

SEKOM-sekretariat ser det som naturleg at kontrollutvalet i Gloppen vel prosjektet som har 1. prioritet, Prosjektplanlegging i Gloppen kommune, som sitt neste forvaltningsrevisjonsprosjekt. Prosjekt 2 vart valt før prosjekt 1 etter ynskje frå kommunerevisjonen i Nordfjord, som arbeidde med same prosjekt i andre kommunar.

Formålet med undersøkinga:

Dei styrande organ i Gloppen kommune ynskjer ei vurdering av prosjektstyring i Gloppen kommune.

Avgrensing av undersøkinga:

Kontrollen skal avgrensast til perioden 2013 - 2014.

Aktuelle problemstillingar:

Vurder om Gloppen kommune har eit tilfredstillande system/retningslinjer for planlegging, gjennomføring og avslutting av investeringsprosjekt.

- Prosedyrer/retningslinjer
- Verktøy
- Anbud
- Budsjett
- Politiske vedtak
- Prosjektrekneskap

Gjennomføring:

Vi ser føre oss vidare sakshandsaming av forvaltningsrevisjonsprosjektet slik:

- Oversending av tinginga til Kommunerevisjonen i Nordfjord (KiN) august 2014.
- Tilbakemelding frå KiN med plan for forvatningsrevisjonsprosjektet innan 1. november 2014.
- Handsaming av plan frå KiN i kontrollutvalet i Gloppen 26. november.
- Levering av forvatningsrevisjonsprosjekt frå KiN til SEKOM-sekretariat innan 1. mars 2015.
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet mars/april 2015.
- Handsaming av rapport i kommunestyret april/mai 2015.
- Eventuell oppfølging av kommunestyret sitt vedtak året etter.

Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar, vert teke opp etter initiativ frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	01.10.2012	080/12

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 216	Arkivsaknr.: 12/1348-2
---	-----------------------	---------------------------

Plan for forvaltningsrevisjon for Gloppen kommune for perioden 2012-2015

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
179821	Plan for forvaltningsrevisjon - Gloppen kommune

Bakgrunn for saka:

Saka er utgreidd og fremja av kontrollutvalet.

Saksutgreiing (frå kontrollutvalet si behandling):

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgong altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: "Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalssak 029/11 "Overordna analyse", vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

I kontrollutvalsmøte 03.05.2012 i sak 013/12 "Overordna analyse" vart overordna analyse presentert av Kommunerevisjonen i Nordfjord. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Tilpassa opplæring i grunnskulen – evaluering.
- Ommheimling av sjukeheimplassar – effektar..
- Bekymringsmeldingar i barnevernet.
- Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal egedomsmasse.
- Utvikling av kostvader i drift over tid, med spesielt auge på kultur sin store auke framover og skule sin manglande innteningar tross skulestrukturendring.
- Økonomiplanlegging
- Saker som medfører budsettendringar
- Forvaltningsrevisjon i selkap.

Fylkesmannen sin plan for tilsyn i 2012 er også henta inn. Planen ligg ved. Planen syner at det skal vere tilsyn om «Regionalt miljøprogram og «spesielle miljøtiltak i jordbruket», «Oppfølging av rusmiddelavhengige» og «Beredskap for samfunnstryggleik» i 2012.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltningsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ikkje vurdert.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen har ikkje uttalt seg i saka.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING:

Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Gloppen kommune for perioden 2012 – 2015.

Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:

- 1. Prosjektplanlegging i Gloppen kommune.
- 2. Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal egedomsmasse.
- 3. Kommunale saksgangsrutinar.
- 4. IKT sikkerheit.

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

01.10.2012 KOMMUNESTYRET

080/12 VEDTAK:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 20.08.2014	Saksnr 019/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-210	Arkivsaknr.: 14/89
---	-------------------------	------------------------------

Orientering om rutinar for avslutning av investeringsprosjekt, og framdrift i arbeidet med økonomireglementet

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.07.2014	E-post til Gloppen kommune om vedtak i sak 13-14 i kontrollutvalet i Gloppen 5. juni	101

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå rådmannen til vitande.

...

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 13/14 Oppfølgingsliste 2-2014, handsama i møte 5.6.2014:

Kontrollutvalet kallar inn rådmannen for å informere i sakene 18/10, 25/12 og 32/12 som gjeld avslutning av investeringsprosjekt, i neste møte 20. august. Kontrollutvalet ynskjer også informasjon om framdrift i arbeidet med økonomireglementet jfr sak 05/14.

Rådmannen vart gjort merksam på vedtaket i e-post frå SEKOM-sekretariat datert 6.6.2014, og er kalla inn til møtet for å orientere.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 20.08.2014	Saksnr 020/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-481	Arkivsaknr.: 14/92
---	-------------------------	------------------------------

Vurdere bruk og innkjøp av nettbrett til kontrollutvalet

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet ber om at det vert kjøpt inn nettbrett til kontrollutvalet, og at Gloppen kommune gir nødvendig opplæring.

...

Saksutgreiing:

I møte i kontrollutvalet 5.6.2014 i sak 14/14 Eventuelt, vart det gjort følgjande vedtak i forhold til nettbrett:

Kontrollutvalet vil ta opp med rådmannen i neste møte 20. august om eventuell utdeling av nettbrett til utvalet.

Av dei 15 kommunane som SEKOM-sekretariat utfører sekretærtjenester for, har no 10 av kommunane innført elektronisk utsending av saksdokumenta. Nordfjord-kommunane har ikkje same opplegg som i dei kommunane som er knytt til SYS-Ikt, og vi kan difor ikkje sende sakspapira direkte til deira nettbrett. Dette har vi løyst med at vi sender over fil med saksdokumenta til administrasjonen i kommunen, og så legg dei det ut til nettbretta til kontrollutvalet.

Fordelen er at vi slepp papirbruk, og at saksdokumenta ligg tilgjengeleg på nettbrettet same dag som SEKOM har klar og sender innkallinga (slepp postgang). Kontrollutvalet vil få tilgang til alle politiske dokument.

Viss det vert aktuelt med å ta i bruk nettbrett, så må det installerast Pdf-expert eller tilsvarende program, slik at brukaren lett kan bla i dokumenta og skrive egne notat. SEKOM tilrår at det vert tatt i bruk nettbrett i kontrollutvalet i Gloppen.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 20.08.2014	Saksnr 021/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/84
---	-------------------------	------------------------------

Oppfølgingsliste 3-2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	2.12.10	Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september.
018/10 Rutinar avslutta investeringsprosjekt – Uttale frå kontrollutvalet	02.12.2010 03.12.2010 13.12.2010 11.6.2012 23.8.2012 24.8.2012	Tilråding til kommunestyret Saka sendt Gloppen kommune. Vedtak kommunestyre sak 057/10: - <i>Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.</i> - <i>Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.</i> I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effektuert. Det har vore følgjande vidare handsamingar i sak: Sak 025/12 Kallar inn rådmannen for orientering om status Brev.

	30.11.2012	Sak 032/12 Orientering, Rådmannen vil forsøke å legge fram sak til neste kommunestyremøte i desember.
03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Gloppen.	5.2.2014	Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Gloppen for 2014 vert godkjent med følgjande vidare datoar: 23. april, 5. juni, 20. august og 26.november.
05/14 Orientering om arbeidet med økonomireglement i Gloppen kommune.	5.2.2014 23.8.2012 30.11.2012	Vedtak: Kontrollutvalet tek orienteringa om arbeidet med økonomireglement til vitande. Det har vore følgjande tidlegare handsamingar i saka: Sak 025/12 Kallar inn rådmannen for orientering om status Sak 032/12 Orientering, Administrasjonen jobbar med økonomireglementet.
11/14 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune .	5.6.2014 29.5.2013 22.8.2013	Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret: Kommunestyret viser til revisjonsrapporten, Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune, datert 29.04.2014. Kommunestyret ber administrasjonen følgje opp anbefaling på side 4 i rapporten, og leggje fram ein status for dette arbeidet til kontrollutvalet innan 15.3.2015. I denne vurderinga kan ein spesielt sjå på om disposisjonsfondet kan erstatte vedlikehaldsfond i kulepunkt 5 i anbefalingar. 06.06.2014 sendt Gloppen kommune Der har vore følgjande tidlegare handsamingar i saka: Sak 013/13 endra prosjekt i forhold til plan Sak 018/13 tinging
12/14 Årsrekneskapen 2013 – Gloppen kommune	5.6.2014 6.6.2014 16.6.2014	Vedtak: Kontrollutvalet viser til uttale om årsrekneskapen 2013 for Gloppen kommune datert 5.6.2014, der rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre. Sendt Gloppen kommune med uttale Sak 030/14 handsama i kommunestyret.
13/14 Oppfølgingsliste 2-2014	5.6.2014 6.6.2014	Vedtak: Kontrollutvalet kallar inn rådmannen for å informere i sakene 18/10, 25/12 og 32/12 som gjeld avslutning av investeringsprosjekt, i neste møte 20. august. Kontrollutvalet ynskjer også informasjon om framdrift i arbeidet med økonomireglementet jfr sak 05/14. Oppfølgingsliste 2-2014 vert elles teken til vitande. Sendt Gloppen kommune
14/14 Eventuelt	5.6.2014 6.6.2014	Vedtak: Kontrollutvalet vil ta opp med rådmannen i neste møte 20. august om eventuell utdeling av nettbrett til utvalet. Kontrollutvalet vil ta opp eiga sak om overordna analyse i neste møte 20. august. Sendt Gloppen kommune.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 20.08.2014	Saksnr 022/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/174
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).